


# LNK AVISA

NR 2 • 2006 • ÅRGANG 5

## HARDANGER



Når ein tenker på Hardanger, forbind ein det gjerne med frukt, sider, bunader og hardangersaum. Det vil seie at Hardanger som merkevare allereie har kome langt, og no ønskjer regionen å ta dette endå vidare.

Sjå side 11.

## SULA



Asbjørn Molvær på Sula er viss på at den har vore her tidlegare. Villsauen har beita landskapet her for meir enn 1000 år sidan, og no er den altså tilbake og pleier det kulturlandskapet han er skapt for.

Sjå side 19 - 22

## Nitrist kapittel på Voss

- Informasjonstrategien til kommunen er eit nitrist kapittel, seier Sigmund Midttun, redaktør i avisata Hordaland.

- Redaktøren tar sterkt i, men me bør bli betre, seier ordføraren på Voss Bjørn Christensen.  
Sjå side 12 og 13




## Kongen er reist i eksil

Fusakongen abdiserte i fjor haust, etter vel to år på trona. Då hadde han rekt både å skaffe Fusa eige flagg og eigen valuta. Men korleis kan ein måle marknadsføringsverdien av Fusakongen i pengar? Og greidde Fusakongen det han eigentleg såg føre seg å gjøre: å samle Fusafolket til eitt, og

gje dei identiteten sin tilbake? Kanskje, meiner redaktør Hilde Sandvik i Syn og Segn. I alle fall viss Fusa kommune hadde valt å stå løpet ut.

Sjå side 8

## NETTSTAD



Skal kommune-Norge betra nettsidene sine, må dei setja inn ressursar som klarer å ta seg av drifta og vedlikehaldet. Ofte er det slik at det vert gitt mykje pengar til å etablera ein nettstad, men lite til oppdateringsarbeidet. Det nyttar ikkje med ein fancy nettportal, viss ein ikkje legg ned arbeid i å drifta den, seier Medieforskar Martin Engebretsen.

Sjå side 6

**ABC  
Startsida**

**Vi gjer nettet  
nyttigare!**

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)

- ARE KALVØ • RAGNAR HOVLAND • ARTIKLAR
- PER OLAV KALDESTAD • OLA A. HEGGDAL •
- BOKMEDLINGAR • ARNT BIRKEDAL •
- SYNNØVE MACODY LUND • NYHENDE •
- JON PEDER VESTAD • BORGHILD GRAMSTAD • RAGNFRID TROHAUG •
- SYNSINGAR • MARIANNE MAGNUSEN •
- HANNA MARIA NILSEN •
- FILMMEDLINGAR • ROALD KALDESTAD •
- ANNA HELLEVANG • SKRIVEKLØE •
- LARS MÆHLE • JON HJØRNEMVIK •

**WWW.MAGASINETT.NO**



**Einaste intelligente  
nynorske nettstaden  
for ungdom  
;-)**

# LNK AVISA

Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Redaktør  
Einar Schibevaag

## Ei merkeleg prioritering

Redaktøren i avis Hordaland framstiller Voss kommune sitt informasjonsarbeid som i ein trist affære. Ja, så langt går han at han seier det er utruleg dårlig.

Hadde det vore slik at Voss kommune var åleine om denne diagnosen var det greitt nok, men Voss kommune er meir regelen enn unnataket for korleis informasjonsarbeidet er i kommunane.

Kommunen sjølv er i dei fleste tilfelle den største arbeidsgjevaren målt i årsverk i kommunen. Likevel er ikkje informasjonsarbeidet prioritert, og det ser heller ikkje ut som at det er tankar om å prioritera det. Ein tilfeldig person på rådmannskontoret har fått i oppgåve å drifta kommunen sine nettsider, utan at det finst ein einaste tanke for kva dei skal nyttast til og kven dei skal tene.

Argumentet om at kommunal økonomi er årsaka til at det står så dårlig til held ikkje mål. Hadde kommunen hatt eit fagleg godt informasjonsapparat ville mange kommunar vore sparte for negativ omtale som kostar kommunane millionar å rette opp.

Det er med stor interesse me har følgt problema Gilde har vore gjennom dei siste to månadane knytt til E-coli-problematikken. Dei har gjort eit framifrå informasjonsarbeid, og det er ikkje gjort utan at det er sett inn ressursar for møte slike utfordringar.

I ei bedrift med 500 tilsette ville det vore naturleg at fleire årsverk var knytt til informasjonstenesta for å kunne yte god service både overfor eigne tilsette og for dei kommunen er sett til å tena.

Det er på høg tid at informasjonsarbeidet i kommunenoreg blir sett på det kommunale sakskartet.

## Vindkraft

Baard Røsvik i Devold AMR meiner det offentlege ordskiftet om vindkraft i Noreg vitnar om mangel på perspektiv og faktisk kunnskap.

Det er utruleg når ein tenkjer på den vindressursen dette landet sit på. Me står i startgropa, medan det i Tyskland og Danmark er omlag 50 000 tilsette knytt til denne industrien.

Det er viktig at det blir eit offentleg ordskifte om korleis denne ressursen kan nyttast. Landet skrik etter meir energi, og vind er ein av fleire evigvarande energikjelder som me må ta i bruk. I staden for å sloss i mot framveksten av denne energiproduksjonen må me koma over ei eit modus og diskutera kor den skal finne stad og korleis me kan redusera dei eventuelle negative sidene ved energiproduksjonen.



## Kommunikasjon – venn eller fiende

"Kommunane er til for publikum, men brukar relativt lite tid og ressursar på kommunikasjonsarbeidet. Nettsider har dei mest fordi naboen har det, men veit ikkje heilt kvifor".

For å forstå kva som ligg bak denne påstanden må vi sjå litt på grunnlaget for dei offentlege tenestene og setje det opp mot mediesamfunnet sine krav til slagordprega informasjon.

I det offentlege arbeider byråkratane med å produsere kunnskap og fakta til politikarar slik at dei skal kunne vurdere ei sak frå mange sider. Det vert laga budsjett og rapportar, planar og prosjekt som berre nokre få orkar å lese seg gjennom. Ofte er det mange som samarbeider om å få fram all denne kunnskapen. Endeleg vert det pakka inn i ein utsjånad som ikkje alltid er prega av den store sansen for estetikk.

Når media tek tak i dette stoffet, kortar det ned og forenklar det, gjer det vondt langt inn i byråkratsjela, fordi så mykje grunnleggande faktastoff går tapt, berre for at journalisten skal komme fram til sin enkle konklusjon.

Mediesamfunnet sine krav sårar den offentlege sjela sin lengt etter den heile og fulle sanninga og berre den "så hjelpt meg Gud". Viss det offentlege skal komme seg ut av skåpet sitt må dei lære seg å formidle på media og dermed publikum sine vilkår. Dei som driv med privat tenesteproduksjon har vore nøydd til det lenge.

Det første det offentlege må gjøre er å ta i bruk merkevaretenking for å stå fram på ein måte som gjer dei lette å identifisere. Det tyder ikkje at dei skal jugle seg til, men at dei til dømes lagar seg ein grafisk profil som blir deira synlege identitet.

Så må det offentlege lære seg å formidle bodskapar til publikum. Det krev ei anna form for strategisk tenking enn den som tradisjonelt rår i det offentlege når dei arbeider med saker og utgreiingar. Det handlar mellom anna om å produsere agn til media slik at dei set sokelys på saka det offentlege ønskjer å profilere. Det handlar også om å spele på lag med media og ikkje sjå på dei som ein fiende.

Desse to grunnleggjande målsetjingane vil det offentlege aldri nå så lenge den tankegangen rår at "vi kan ikkje kaste bort skattebetalalarane sine pengar på informasjon og media". I ei tid då også det private prøver å ta digre jafsa av den offentlege kaka, burde dei som representerer det store spleiselaget finne sin plass på bana fortare enn svint. Så må det offentlege ta det beste frå reklamespråket og føre inn i sitt bilet.

Vi kan like det så lite vi vil, men i dag handlar det om å vise resultat. Ein viktig del av det er å vere synleg og tydeleg. Då trengst profesjonelle informasjonsmedarbeidarar. Deira oppgåve er å selje det politikarane og byråkratane produserer.

I ei framtid der det offentlege i aukande grad møter konkurranse frå private aktørar, vil det bli endå viktigare å synleggjere verdien av dei tenestene som det offentlege står for. Vi må vise at dei tenestene det offentlege produserer er dei beste.

Det private har sin kode for å selje varene sine. Det offentlege må lage sin kode for det same. Kommunikasjon er krevjande og kjem ikkje rekande på ei fjøl. Altfor lenge har det offentlege produsert varene sine for lager. No må varene fram i utstillingsvindauga og seljast. Det er ikkje useriøst å marknadsføre offentlege tenester på ein profesjonell måte. Det vil krevje endå grundigare arbeid på den saklege sida. Det vil også koste pengar, og eg trur ikkje det offentlege vil ta dette på alvor før dei forstår at dei som er oppdragsgjevaren, folket, både treng og forlangar handfaste tilbakemeldingar på at pengane dei investerer i offentlege tenester, kastar av seg i form av gode tilbod.

### KRONIKKFATTAREN

**Henning Rivedal**  
Informasjonsdirektør i Sogn og Fjordane fylkeskommune



Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorskkommunar (LNK)

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og  
kan tingast hjá  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller lnk-avisa@norsk-plan.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan  
9/6, 1/9, 13/10, 7/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 17 000,-  
(248x360 mm)  
1/2 side kr 10 000,-  
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 6 500,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levera  
som pdf-fil til:  
bladstova@norsk-plan.no

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedrift i Vatlandsvåg  
4235 Hebbes

Tel 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
lnk-avisa@norsk-plan.no

Montering:  
Norsk Plan A/S - Kjetil Mæhle

Trykk:  
Sunnhordland  
Opplag omlag 6000



# BJØDNATEIGEN PSYKIATRISKE SENTER

## Målgrupper

Brukbar som primært har behov for omsorg, sosial kontakt og sysselsetting/ aktivisering på dag- eller døgnbasis

Brukbar med angstproblematikk som er utreda i DPS

Brukbar med depresjonar og stemningslidningar som er utreda i DPS

Brukbar som særleg treng ADL-trening, stabilisering og rehabilitering

Personar i livskriser

## Behandlingstilbod

Det miljøterapeutiske tilboden er basert på Gunderson sine prinsipp om vern, støtte, struktur, engasjement og gyldiggjering.

## Gruppetilbod

- Sosial ferdighetstrening
- Fysisk aktivitet
- Aktualitetsgruppe
- Meistrings- og problemløysingsgruppe
- Kroppsbevisstheitsgruppe

## Fysioterapeutisk behandling:

Ein kan få klassisk fysioterapi og massasje/ aromaterapi

## Medikamentell behandling

## Pårørande arbeid

## Senteret og tilbodtypar

Bjødnateigen psykiatriske senter opna på Sandhaugen 1988. Frå hausten 2004 tok Suldal kommune over drifta etter Helsa Fonna vedtok å byggje ned sitt desentraliserte tilbod. Bjødnateigen gir i dag eit førstelinjetilbod til menneske med psykiske lidningar.

Senteret har 2 bueiningar med plass til inntil 15 personar i døgnopp hold med einrom. Felles kjøkken og stove på kvar bueining

Aktivitetsrom, trimrom, urtesauna, solarium, urtehage, bil og utstyr til ulike friluftsaktivitetar, til dømes eigen båt.

## Døgnavdeling for

- kriseintervasjon og observasjon
  - korttidsopp hold
  - behandling og rehabilitering over lengre tid
  - rådgjeving og rettleiing for kommunale tenester
- Det er også lokale for poliklinikk og ambulant team.



## Kontaktpersonar

Avdelingsleiar Else Stråpa

Tenesteområdesjef Torbjørn Guggedal

Vi tek imot skriftlege søknader og desse vert behandla i eiga inntaksnemd.  
Be om eit pristilbod.

Søknadsskjema finn du på  
[www.bjodnateigen.no](http://www.bjodnateigen.no) eller ved henvending.

## SULDAL SJUKEHEIM

avd. Bjødnateigen psykiatriske senter

Bjødnateigv. 21, 4230 Sand

E-post: post@bjodnateigen.no

Tlf: 52 79 23 80 el 52 79 23 82

Fax: 52 79 23 85



Landssamanslutninga  
av nynorskkommunar (LNK)

•

Pilestredet 8  
0180 Oslo

•

[www.lnk-nytt.no](http://www.lnk-nytt.no)

•

[lnk@online.no](mailto:lnk@online.no)

•

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

•

Styret:

Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar

Solfrid Borge

Kjell G. Helland

Rune Øygard

Varamedlemer:

Nils R. Sandal

Velaug Veum

Oddvar Haugland

•

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styremakten tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøy for medlemene og spreie informasjon som styrker dialekta, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•

**LNK samarbeider med:**  
**Bladet Sunnhordland**  
**KLP forsikring**  
**Hotell Bondeheimen**  
**Fjordline**  
**Kommunalbanken**

Jippi! Me har fått ein kulturdebatt her til lands. Slikt er sjeldan kost i kongeriket så det gjeld å halda flagget, eller kanskje heller fana, høgt, så lenge det står på.

For eit par veker sidan gjekk Linn Ullmann ut i Aftenposten og kritiserte Trond Giske for å ha eit så banalt syn på kunst og kultur at ho hadde lyst til å klora augo ut – på seg sjølv. Intet mindre. Kulturministeren hadde, i ein kronikk i den same avis, peikt på at kultur kan vera førebryggjande, inkluderande og reparerande på så mange område, til dømes når det gjeld integrering av framandkulturelle.

Giske si kardinals synd var sjølvsagt at han ikkje sa, helst i den same setninga, på innspur og utan komma, at kunst og kultur har sin eigenverdi og at denne er ukrenkleig og heilag. Og så var me der att; midt oppe i ein tretti år gammal debatt om instrumentell kulturpolitikk. For er det noko som er politisk ukorrekt å hevda i Noreg, må det vera at kunst og kultur har ein verdi ut over seg sjølv. At slike rett og slett kan vera nyttig.

Tidlegare fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane, Lidvin Osland, meinte at kultur var bra for alt frå psykisk helse til tarmslyng. Og kvar gong han kom på eit nytt samfunnsområde der han meinte kultur kunne ha ein instrumentell effekt, arrangerde han ein landskonferanse om dette. Oppglødde kulturbyråkratar reiste heim att frå Førde med hovuda fulle av rykande ferske argument for kvifor nettopp deira kommune burde vera den første til å oppretta

kompetansesenter for lokal matkultur, eller studiering for kartlegging av samanhengar mellom manglande kulturtildot i nærmiljøet og utvikling av urinsyregjikt.

Ein engasjert, for ikkje å seja sint, kulturminister, gjekk til motangrep på Ullmann i ein ny kronikk i Aftenposten. Han meir enn antyda at Ullmann har eit elitistisk syn på kunst og kultur, at ho vart fødd med solvskei i munnen og at ho framleis brukar dette bestikket til å eta rekesmørbrød med, på solsida. Kronikken var så drivande godt skriven at fleire debattantar i ettertid har freista å provosera kulturministeren så pass at kanske ville ta seg tid til å skriva ein kronikk mot dei og.

Og sidan me har så få kulturdebattar her til lands, kasta alle som ikkje hadde noko betre å ta seg til desse vekene, inn i debatten. Striden stod brått mellom populærkultur og finkultur, rockemusikk og pling-plong, abstrakt kunst og kitch, breikdans og svanesjøen.

Sjølvsagt snakkar Giske og Ullmann forbi kvarandre. Kulturministeren snakkar ikkje om korleis kvar av oss, som einskildindivid, møter kunsten. Giske snakkar om dei krefte som bur i kunst – korleis kunst-

en kan verka sosialt og politisk.

Me har tydelegvis, og heldigvis, fått ein kulturminister som vågar å snakka om kulturens nytteverdi. Eg ser for meg at det å sitja rundt statsministerens bord i prinsippet ikkje er så ulikt det å sitja i eit leiarmøte i ei verksemde eller i ein kommune: Dei som har dei beste argumenta, eller det beste lovgivningslaget å visa til, får dei beste pengane. Og gjerne mange av dei. I neste omgang er det slike personar som får gjort noko.

Debatten denne veka har vore fortvileg. Eg gler meg til neste gang ministeren blir sint.



Vidar  
Høviskeland  
er dagleg leiar  
i LNK

## Notis

### Endeleg mindre spam!

Krigen mot søppelposten synest endeleg å gi resultat.  
**Søppelpost er blitt ein del av kvardagen**

Det ser ut til at den tilsynelatande endelause straumen av tilbod om penisforlenging og oppstiving, kjempebillige vitnemål frå ob-skure universitet, større puppar og nesten gratis programvare er i ferd med å avta.

#### Ein vanleg dag på jobben

Tenk deg at du kjem på jobb, og finn 278 e-postar i innboksen. Hyggleg? Nepp. Sannsynlegvis er 4 av e-postane noko du vil ha, eller som i det minste er relevant for jobben din. Dei andre 274 er søppel, spam, full og töys, aggressiv marknadsføring. Det er ikkje farleg, men det stel mykje tid å skilje skit frå kanel.

#### Færre meldingar

I 2004 fekk forbrukerombudsmannen i Danmark mellom 30 000 og 40 000 meldingar om ulovleg søppelpost. I januar 2006 var talet nede på 26 000 meldingar.

Ein rapport frå OECD, den internasjonale organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling, viser at

talet på spammail som blir sendt ut no går ned etter mange års konstant vekst.

#### Nedgang på 10%

Den danske avdelinga av it-tryggleksfirmaet Comendo A/S har gjort vurderinga for OECD. Marknadsføringsjefen i Comendo A/S, Chris Østergaard, seier til Berlingske Tidende at mens det før var nærmare 90% av alle epostar i verda som var søppelpost, er talet no nede på 80%.

#### Anti Spam Taskforce

Østigaard er med i OECD sin Anti Spam Taskforce, som skal kome med internasjonale anbefalingar til kva landa skal gjere for å få bukt med problemet Microsoftsjefen Bill Gates

har kalla ein av dei største truslane mot internettet nokosinne.

#### Bakmenn tatt

Den uønska søppelposten kjem særleg frå USA og Kina, og i USA har ein greidd å få tak i enkelte av bakmennene som dagleg sender ut 100 millionar uønska e-postar til heile verda.

Filtrar som lukar ut uønska e-post har også blitt meir effektive, noko som gjer at det no går mindre arbeidstid vekk til å luke bort søppelpost.



**KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMETET**

### Nynorskpris for journalistar

Kultur – og kyrkjedepartementet oppretta ein nynorskpris for journalistar i samband med opninga av Nynorsk mediesenter i Førde i 2004. Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk, og skal delast ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta, 22.juni i år.

Føremålet med nynorskprisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen skal gjevest til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsk status og innpass på nye område.

**1. mai 2006** er fristen for å kome med forslag om kandidatar til prisen. Alle kan føreslå kandidatar, og forslaga må ha ei kort grunngjeving. Prisvinnaren vert peika ut av ein ubunden jury, som på fritt grunnlag vel kven som får prisen.

Spørsmål kan stillast til leiar og sekretær for juryen Gry Molvær, telf. 73 88 12 00, eller Magni Øvrebottn, 57 72 42 42.

Merk forslaga med "Nynorskprisen 06", og send dei til:

**Nynorsk mediesenter**, boks 100, 6801 Førde, eller på e-post: [nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

# KOMMUNEKREDITT



Me finansierer  
Kommune-Norge

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter

Me hjelper deg med:

låneopptak • finansstrategiar • samansetning og styring av låneportefølje  
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering • bompengefinansiering

Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: post@kommunekreditt.no  
www.kommunekreditt.no

## PROFIL



# Utnytt verdsveven – spar pengar

**Medieforskar Martin Engebretsen, oppmodar kommune-Noreg til å organisera heimesidene sine som nettavisar.**

MAGNUS STOKKA

I fjor lanserte Kommunenes Sentralforbund (KS) «e-kommune 2009» - det digitale spranget. Det har som mål og betra kommunikasjonen mellom innbyggjarane og dei folkevalde, samt effektivisera den kommunale forvaltinga.

- Skal kommune-Noreg betra nettside sine, må dei setja inn ressursar som klarer å ta seg av drifta og vedlikehaldet. Ofte er det slik at det vert gitt mykje pengar til å etablira ein nettstad, men lite til oppdateringssarbeidet. Det nyttar ikkje med ein fancy nettportal, viss ein ikkje legg ned arbeid i å drifta den, seier Engebretsen, som i 2001 tok doktorgrad i nettjournalistikk - som den første i Norden. No er han førsteamanuensis ved Høgskolen i Agder (HiA) og Mediöhgskolen Gimlekollen (Mhg).

#### - BØR LIKNA NETTAVISENE

Han meiner det ikkje er nok berre å ha kompetente folk som kan drifta nettstadane, i tillegg bør kommunane tilsetja teknisk kompetanse.

- For å utvikla ein stor database, med mykje tilgjengeleg informasjon, krevst det teknisk ekspertise som kan gjera informasjonen lett tilgjengeleg. Og skal informasjonen vera lett å orientera seg i, må ein ha eit oversiktleg design.

- Kva slags desing vil du anbefala til ei kommunenside?

- Eg trur ei løsing om liknar ei nettavis, er det beste alternativet. Altså der framsida har eit hovudfelt i midten med aktuelle saker frå kommunen, og eit

venstre- og toppfelt med ulike menyar. I toppfeltet bør det også vera eit område der ein kan få kontakt med dei ulike kommunale organa. Målet må uansett vera at folk skal finna den informasjonen dei treng på kortast mogleg tid, meiner Engebretsen.

#### NESTEN SOM EIT BIBLIOTEK

I databasen, der all informasjonen ligg, meiner Engebretsen det bør vera eit godt utvikla stikkordsystem. Slik kan publikum lett finna det dei er ute etter, ved å søkja i portalen sin sökjemotor.

- Men det er viktig at ein legg til fleire stikkord på same sak. Det vil auka sjansane for å finna det ein søker etter.

- Kan det bli for mykje informasjon på ei nettside?

- Nei, det kan aldri bli for mykje informasjon. Skal ein kunne dekkja alle sine behov, må det jo vera mykje stoff som er publisert. Det er nesten som med eit bibliotek; Dess meir bøker det er, dess betre er det. Men når det er mykje

stoff, må ein vera medviten på korleis ein organiserer det.

#### KORT OG ENKELT

Å skrive for ei nettside, er ikkje det same som å skrive for ei papiravis, forklarer han.

For å gjera stoffet lesbart på skjermen, meiner medieforskaren tekstane bør vera korte og oppsummerande - med tydelege lenkjesystem.

- Forsking syner at folk berre scannar seg gjennom det dei les på Internett, for å finna fakta og substansen i innhaldet. Då er det viktig at ein deler opp lengre tekstar med eit lenkjesystem, slik at ein lett kan orientera seg. Men offisielle dokument som kommunane legg ut, bør sjølvsgart publisera i originalform. Elles er det viktig med eit enkelt språk, mange mellomtitlar og korte ingressar og avsnitt. Når det gjeld biletar, bør ein bruka fleire enn det som er vanleg i dag. Dessutan bør dei blåsast større opp, ettersom dei aller fleste har breiband, oppmodar han.

*Det hjelper ikkje med fancy nettsider, om dei ikkje vert oppdaterte, meiner medieforskar Martin Engebretsen.*

#### - Kva med å leggja ut videofiler?

- Korte videosnuttar kan vera med å illustrera gode poeng. Men dei bør ikkje vera lange, helst ikkje lengre enn 20-30 sekund. Det er nemleg viktig at ein ikkje «låser» fast brukarane på nettet, seier netteksperten.

#### SPAR PENGAR

Ein av KS sine visjonar for den digitale kommunen, er å gjera det mogleg for innbyggjarane å delta i demokratiske dialogar på nettet. Engebretsen meiner dette er eit fenomen som er lite nytta til no.

- Terskelen for å ytra meiningsane sine på nettet, er låg blant det norske folket. Men eg har ikkje tru på eigne debattforum. Skal folk bry seg med å koma med meiningsane sine, bør det vera eit system som gjer det mogleg å lenka debatten direkte til saka. Ved eit slikt system vil ein med ein gong kunne skriva inn synspunkta sine om saka, rett etter å ha lese den, i staden for å måtte leita etter debattforumet i ettertid. Men skal ein ha debatt, må det sjølvsgart vera eit system som gjer at tilbakemeldingane kjem snøgt frå kommunen si side.

- Bør all kommunal informasjon skje via kommunen sin nettstad?

- Det er ikkje slik at folk ved jamne mellomrom sjekkar kommunen si heimeside, difor bør ikkje nettsida syta for all informasjon. Men eg trur absolutt ein kan spara mykje pengar ved å nytta seg meir av nettet sine moglegeheiter. Mitt råd er i alle fall å leggja tyngden av den kommunale informasjonen ut på verdsveven, avsluttar Engebretsen.

## KS: Ein effektiv og brukarvenleg e-kommune

Den digitale moderande e-kommunen må:

- gi innbyggjarane mogleheit til å velja kommunikasjonskanal, men prioritera den digitale kanalen
- ivareta informasjonsbehovet for ulike brukargrupper på kommunen si heimeside/portal
- gi innbyggjarane mogleheit til å delta i demokratisk dialog på nettet om viktige samfunnsspørsmål
- gjera flest mogleg tenester tilgjengeleg på nett
- bruke IKT til å skapa tjenester med høg kvalitet
- samhandla elektronisk med andre forvaltningsnivå og offentlege verksemder for å skapa heilskaplege offentlege tenester
- ivareta personvernet og sørja for sikker informasjonsbehandling
- frigjøra ressursar gjennom effektivisering av forvaltinga ved bruk av IKT

*Kjelde ks.no*

## PROFIL

# Den siste kommunen på nett

**Bygland kommune fekk kjeft av Forbrukerrapporten og dåverande moderniseringsminister Morten Meyer då dei endå ikkje var kome seg på nett våren 2005.**

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Våren 2005 gjorde Forbrukerrådet ei omfattande undersøking av samlede norske kommunar, med fokus på service. Det blei undersøkt kor lett det var å få kommunen i tale på telefon og e-post, om ein fekk rett informasjon, og om ein fann det ein vanleg brukar kunne tenkje seg å leite etter på nettsidene til kommunen.

**DÅRLEGE GREIER**  
Konklusjonen på undersøkinga var

temmeleg nedslående, kommunane viste seg å vere svært därlege til å svare på e-post, og nettsidene var jamt over mangelfulle. Tre kommunar hadde ikkje ein gong eigne nettsider våren 2005.

No, eitt år seinare er nettsidene på plass hos både Ibestad i Troms, Osterøy i Hordaland og Bygland i Aust-Agder.

Korleis er det å vere den siste kommunen i Noreg som kom seg på nettet? Korleis ser kommunane på dette med nettsider? Og kvifor har alle i Bygland kommune same e-postadresse?

Når eg går inn på sidene til Bygland kommune, finn eg ut kven ordføraren og rådmannen er, eg finn ledige stillingar, skjema for søknad om kulturstønad og generell informasjon om kommunen. Korleis klarte dei seg utan dette heilt til no nyleg? Var internetsatsinga planlagt før Forbrukerrapporten si undersøking, eller var det undersøkinga som fekk dei til å setje i gang?



*Den raske gaupa er eit symbol for Bygland kommune. Kommunen var ikkje så rask med å få seg nettsider, men no er dei på plass. (Foto: www.bisf.no)*

## VAR I GANG

Olav Åslund er leiar av tenestetorget i Bygland kommune, og har også ansvaret for den daglege drifta av nettsidene. Han fortel at kommunen var i gang med å lage nettsider då Forbrukerrapporten gjorde undersøkinga si, og at dei var på nett då undersøkinga blei offentleggjort.

- Grunnen til at sidene våre kom såpass sent, var mellom anna trøbbel med leverandørar. Det at vi fekk kjeft i undersøkinga, var ikkje grunnen til at vi fekk laga nettsider, men har kanskje gjort at vi fekk meir fokus på arbeidet med nettsidene våre.

## FOLK ENGASJERER SEG

Åslund meiner at nettsatsinga er viktig for kommunen, og at det sjølv sagt er noko ein må ha i dag. Etter å ha vore på nettet i om lag eitt år, har dei merka at innbyggjarane engasjerer seg og sender e-postar med forslag til kva dei synest kunne gjere sidene betre. Folk brukar også skjema og anna som er lagt ut på sidene.

## MIDT PÅ TREET

Nettstaden til Bygland kommune hamna midt på treet med tre av seks stjerner i Kvalitet 2005, ei undersøking av norske offentlege nettstader i regi av Norge.no, eit halvt år etter Forbrukerrådet si undersøking.

- Vi har planar for sidene våre, og ambisjonar om både å få lagt ut alle skjema som folk no må hente hos kommunen. Vi jobbar og med å få med alle tenesteområda i kommunen på å vere med å leve stoff og kome med innspel til kva som må vere med på sidene. Det er jo også ein prosess, å få dei tilsette til å føle at nettstaden har noko med deira kvardag å gjøre.

## STARTSIDE

Som ledd i den prosessen har alle pcane i kommunen fått kommunesida som startside, så dei tilsette blir minna på ho kvar gong dei logger seg på.

Alle i kommunen, med unntak av legekontoret, har felles e-postadresse og telefonnummer. Dette er eit bevisst val, ifølgje Åslund.

- Vi på tenestetorget siler ut e-postane og tar det vi kan svare på her. Så sender vi vidare viss det er naudsynt.

Denne ordninga har vist seg å fungere godt i ein kommune med 1296 innbyggjarar, seier tenestetorgleiren.

Kvalitet 2005: <http://www.norge.no/kvalitet/kvalitet2005/>

## Best Western – eit sjærmerande alternativ

Best Western omfattar privateigde hotell som vert drivne av engasjerte vertskap, og er eit sjærmerande alternativ til det einsarta. Felles kvalitetskrav gjer at du likevel veit kva du kan forvente og at det er samsvar mellom produkt og pris.

Hugs at som medlem i LNK får du ein god rabatt på Best Western hotella. For meir informasjon, sjå [www.lnk-nytt.no](http://www.lnk-nytt.no).

For reservasjon, ring 800 11 624 eller besøk nettsidene våre på [www.bestwestern.no](http://www.bestwestern.no).

Velkommen som gjest hos verdas største hotellkjede!



*Bygland kommune i Aust-Agder var ein av dei siste til å kome seg på nett i Noreg. Men no er sidene på plass, og kommunen har fokus på å utvikle dei vidare.*

# Eit kongerike for ei stund

**Kunstnaren Morten Holmefjord ønskte å gi heimkommunen sin Fusa identiteten tilbake, og tok trone, septer og flagg i bruk for å få det til. Det sette spor etter seg og gjorde omverda merksame på Fusa.**

TOYNI TOBEKK

Fusakongen var visekonge i Noreg og konge i Fusa i ein periode på om lag to år før han gjekk av i fjor haust. Det byrja som eit kunstprosjekt og vart etter kvart eit politisk manifest. – Han sette Fusa på kartet, seier Christian Stabel, redaktør i Os og Fusaposten. – Dagbladet og Bergens Tidende hadde over hovudet ikkje skrive om Fusa i same grad og i same omfang hadde det ikkje vore for Fusakongen.

#### GENISTREK

Stabel meiner det mest imponerande med Visekongen er kor gjennomført han dreiv kongedømmet sitt og i kva grad han evna å få økonomisk og politisk støtte til Kongedømmet undervegs.

– Rett nok vart det etter kvart ein viss motstand mot Fusakongen i Fusa, men lokalsamfunnet var delt, og sitjande ordførar då kongen vart innsett i 2003 støtta kongen heilt fram til valet i 2005. Han fekk og ei betydeleg økonomisk støtte frå den nasjonale hundreårsmarkeringa i fjor.




**NY START FOR FUSA**  
Redaktør i Syn og Segn, Hilde Sandvik, held og fram Morten Holmefjord som ein djupt politisk person.

– Han ønskte å seie noko om korleis folkekrafter er i ferd med å forvitre. Hadde prosjektet fått halde fram,

og dei rette folka greidd å tatt tak i dette, kunne ein i Fusa fått fram store, prinsipielle diskusjonar om nasjonal overstyrring.

Sjølv om Fusa aldri kom så langt,



Fusakongen, Morten Holmefjord, under eige flagg. Kongen abdiserte i fjor haust. (Foto: Os og Fusaposten)

vil Sandvik likevel seie at Fusakongen oppnådde svært mykje i tida han sat som regent. – Han gav ganske tydlege meldingar om at han ville få makta tilbake til folket, og at Fusabuen kunne få definere seg sjølv inn i ei ny forteljing om samfunnet sitt.

**GJENNOMFØRT**  
Men handla dette om merkevarebygging eller politikk, eller var det kunst?

Både Sandvik og Stabel nølar med å kalle det merkevarebygging. – Dette var ikkje nokon jippo, innvender Stabel.

– Snarare tvert i mot, det var eit svært seriøst opplegg han dreiv, og han hadde mange medhjelparar som faktisk har halde fram med nokre av opplegga sjølv etter at kongen gjekk av i fjor.

Sandvik meiner Holmefjord heller byrja ein prosess med å politisere innbyggjarane sine. – Ein prosess som

dessverre tok slut då kommunen ikkje lenger vågde å stå løpet ut.

#### IKKJE TIL SALGS

Akkurat kor seriøst Morten Holmefjord tok dette, kan Hilde Sandvik illustrere med følgjande historie: Då kongen skulle abdisere i fjor, hadde han bestemt at han skulle fratre ved å ta ferga ut på fjorden og så hive kruna si på sjøen. Han hadde endå til ordna med at ferga skulle ta ein ekstratur for å få dette gjort. Då var det ein meir velståande sambygding som bad om å få kjøpe kruna for 20 000 kroner. Men det fekk han ikkje, for kruna skulle hivast på sjøen. – Når ein tenkjer på at Morten Holmefjord no skulle reise utanlands utan særleg mykje pengar på kontoen og utan nokon fast jobb, så syner dette kor standhaftig og konsekvent han har vore heil vegen.

Fusakongen fekk forøvrig Kommunikasjonsprisen for 2005 i januar i år. Prisen vart motteken av medlemer av utanriksrådet og eldrerådet i Fusa kongedømme på vegner av Morten Holmefjord.

## Fakta

Morten Holmefjord vart krona som konge i juni i 2003. Han underteikna ein traktat saman med representantar for øvrigheta i Fusa kor dei anerkjennte kvarandre sine politiske system.

Fusakongen, eller Visekongen som han kalla seg, hadde i løpet av perioden som regent jobb på fiskefabrikk, og han budde heime hjå mor si.

Kongeriket Fusa fekk etter kvart sitt eige flagg, sine eigne pengar (Fusa-kroner) og eigne institusjonar.

Ei folkerøysting samstundes med stortingsvalet i 2005 syntet at 600 fusabuar ønska at kongen skulle halde fram som regent i Fusa, medan 900 ønska at han skulle gå av. Morten Holmefjord tok konsekvensen av det

og gjekk av i oktober i fjor. Kongen er no i eksil i Uruguay.

Liknande prosjekt er "Lucky Næroset" i Ringsaker og Svullrya i Grue kommune som melder seg ut av Noreg kvar haust og erklærer seg som eigen republikk.

## PROFIL

# Ei digital verd

**I åra som kjem skal innbyggjarane tvingast inn på det kommunale nettet anten dei vil eller ikkje. Oppgåver som i dag blir løyste av kommunalt tilsette skal i langt større grad utførast av brukarane sjølve, akkurat slik me har vore gjennom i bankverda.**

EINAR SCHIBEAAG

Dei fleste kommunane brukar i dag mykje ressursar på å leggje ut informasjon på eigne heimesider. Erfaringar viser at innbyggjarane i kommunane har store vanskar med å finne den informasjonen dei søker, meiner Knut Magnus Aasli i Kommuneforlaget.

**SØKEMOTOR**

Kommuneforlaget har utvikla ein søkemotor, Ankiro, som mellom anna er "oppdratt" til å kjenne att kommunalt fagspråk. Søkemotoren toler og enkle skrivefeil, og han vil ta med bøygningsformar av ord du søker på.

**FOR IKKJE-EKSPERTAR**

Den grunnleggjande filosofien bak søkemotoren er at det er avsendaren som

skal forstå den som søker informasjon, ikkje omvendt. Du skal sleppe å vera søkeekspert for å finne det du leitar etter, fortel Aasli som har hovudansvaret for denne IT løysinga.

Søkemotoren blir knytt opp til kommunane sine heimesider og tar omsyn til både bokmålsord og nynorskord.


- I tillegg kan du leggja inn eigne fagtermar og faguttrykk som søkeord på kommunen sin nettstad. Dersom kommunen vil kan eigne dialektord og leggjast i som søkekriterium.

**NYNORSK TIL ALLE**

Denne søkemotoren blir levert som nynorsk- og bokmålsversjon. Poenget med dette er at dersom du t.d. er nynorsk-brukar i eit bokmålsområde vil søkemotoren finne det du leitar etter uavhengig av om du sjølv nyttar nynorsk.

- Med søkemotoren på kommunen sine heimesider er dette eit naturleg startpunkt for innbyggjarane for å finne det dei er på jakt etter.

*Søkemotoren Ankiro bryr seg ikkje om du søker på nynorsk eller bokmål, du skal få dei same resultata uansett.*



## Viktig rettleiing for brukarane

**I arbeidet med å rettleia brukaren til å utføre fleire oppgåver på nettet må informasjon og rettleiing om tenesta gjestast langt betre tilgjengeleg.**

EINAR SCHIBEAAG

Kommuneforlaget har laga ein nasjonal tenestekatalog som er til stor hjelp for kommunane i arbeidet med å presentera dei kommunale tenestene lokalt.

- Eit verktøy som skal gjera greie for tenestene i den einskilde kommune og

innhaldet i dei. Kven som er målgruppe for tenesta, vilkår for å gjera bruk av tenesta, sentrale lovheimlar knytt til tenesta og høve til å klage, seier Aasli.

Katalogen er i tillegg til å vera ei nyttig hjelpe for brukarane, også nyttig for saksbehandlarane og for medarbeidarane i servicekontora når dei skal yta sørvis overfor brukarane.

Dette gjeld i hovudsak tenester kommunen skal yte overfor innbyggjarane der kommuneforlaget har lagt ned eit stort arbeid for å "hjelpe" dei på veg i informasjonsarbeidet som gjeld såkalla lovplagte tenester.

- For innbyggjarane er det svært viktig at dei får ei rettleiing som er lett å forstå

også av dei som ikkje er vane med å bruke kommunen sitt tenestetilbod.

For kommunen blir dette enklare då innhaldet i tenesteforklaringane blir oppdatert av Kommuneforlaget.

**BLIR KOPLA TIL LOKAL INFORMASJON**

Den nasjonale tenestekatalogen blir oppgradert i takt med endringar i statlege lover og føresegner. I tillegg kan kommunane sjølve leggje inn lokal informasjon om søknadsbehandling og kontaktinformasjon for tenestene det gjeld.

Skal kommunane halda alle tenestene sine oppdatert sjølv, vil det vera eit svært ressurskrevjande arbeid. Det kan i verste fall oppstå situasjonar der feil informa-

sjon blir presentert for brukaren gjennom mangelfull oppdatering.

Det skjer stadige endringar og det skal noko til å sikra at all einformasjon er rett til ei kvar tid. Skal kommunane hjelpe brukaren til å bli ein aktiv nettbrukar er det avgjerande at informasjonen brukaren treng er rett til ei kvar tid, samtidig som han er enkel å finne og bruke, meiner Aasli.

**80 ER I GANG**

Om lag 80 kommunar her teke i bruk tilboden, og Aasli ventar at interessa for tilboden vil ta av i takt med det digitale spranget kommunane skal ta fram til 2009.

# Å dyrke det unike

**Ein må vite kva ein er god på og kjenne draumane til folk. Då har regionen gode kort på handa i kampen om å trekke folk til seg.**

EINAR SCHIBEAAG

Telemarksforsking har gjennomført kartleggingar i Vest-Telemark og Setesdal for å finne ut kva folk forbind med regionane. Og Solveig Svardal i Telemarksforsking er sikker i si sak: Det er viktig for regionane å satse på det ein er unik på og det som andre tenkjer på når regionen sitt namn kjem fram.

Før var det viktigast å ha det beste produktet, no handlar det om å ha dei beste historiene knytt opp til produktet. Med det meiner Svardal at informasjonssamfunnet er på veg ut og at ein er på veg over i draumesamfunnet.

Draumen og den levande historia er det berre menneske som kan formidla. Og det beste med denne utviklinga er at

den ikkje kan automatiserast bort.

- Det er der produktet blir laga eller historia utspeler seg ein kan formidle den unike hendinga.

Kartlegginga til Svardal stadfester og dette der ein ser kor høgt såkalla tradisjonsuttrykk skårar i kartlegginga som er utført. Kva meiner du her?

- Meir enn 60 prosent av dei spurde peikar på språket, bunadskulturen og folkemusikken i Setesdal som dei viktigaste verdiane til regionen.

Folk søker det ekte, og for mange eksotiske, og det vitnar om at folk ynskjer å få stette sine draumar. Det finn dei her, meiner ho.

- Ein må spele på og dyrke vidare på det som er unikt for regionen.

Og det må brukast for det det er verdt, fortel Svardal.

- Det er t.d. ingen som reiser til Island for å spare pengar og det er heller ingen som reiser til Skottland for å oppleva fint ver. Dei reiser der for å oppleva noko som er ekte.

#### BETRE PÅ SKI ANDRE STADER

Ho brukar Hovden som døme. Det er



få som knyter satsinga på ski og bading på Hovden i Setesdal til regionen sitt varemerke. Sjølv om regionen har nyttat store midlar på infrastruktur for slik aktivitet og nyttat dette i marknadsføringa av regionen.

Mykje tyder på at dei spurde finn like gode og betre anlegg for slik aktivitet andre stader i landet og legg ikkje vekt på dette når Setesdal sine kvalitetar skal presenterast. Kartlegginga syner at dei som reknar Setesdal som sitt nærområdet for slike aktivitetar kjem og brukar desse fasilitetane. Ikkje fordi dei ligg i Setesdalen, men fordi dei ligg nærest til der dei bur.

#### SPRÅK VIKTIG

Berre 20 prosent av dei spurde peikar på at nynorsk ikkje har noko med Setes-

Solveig Svardal gjennomfører no ei tilsvarende undersøking for Ryfylke, og også her er ein på jakt etter å få synleggjort kva for haldninga det er til eigen kultur hjå Ryfylkingen sjølv og korleis andre utanfor regionen ser på regionen sin identitet. Denne blir presentert på Ryfylkekonferansen i mai.

dal sitt varemerke å gjera. Tilsvarende tal for dialekten er berre sju prosent.

Svardal meiner dette viser kor stor interesse det er for språk i dag, noko som og er dokumentert gjennom NRK sin nitime som har eigne tevlingar for å kåre den finaste dialekten i Noreg. Ei tevling som mest ville vore uråd for få år sidan.

## Notis

### Forsvarskommunar får omstillingmidlar

(NPK): Kommunar som blir ramma av forsvarskutt får 19,5 millionar kroner til omstilling i 2006. Eks-traløyvingane kjem frå Kommunaldepartementet, og løyingane skal følgjast opp med same sum i 2007 og 2008, skriv Nationen.

Pengane går til fem fylkeskommunar som skal fordele pengane vidare til kommunar der Forsvaret enten skjer ned eller avviklar aktiviteten. Hedmark får 3,5 millionar kroner, Buskerud 4,5, Sogn og Fjordane 3, Nordland 5,5, Troms 1 og Finnmark 2 millionar omstilingskroner frå departementet. (NPK)

### Vil heve kompetansen i landbruket

(NPK): Talet på søkjrar til Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) er rekordhøgt i år. Vel 50 har søkt om til saman 15 millionar kroner til ulike kompetansefremjande utviklingsprosjekt, godt over dobbelt så mange som i fjor.

Statens landbruksforvalting (SLF) har sett av fem millionar kroner til KIL-prosjekt i år. I tillegg skal inntil ein million kroner gå til kurs for avloysarar og landbruksvikarar. (NPK)

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentleg sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



**FAGFORBUNDET**



[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no) Servicetorget: 815 00 040  
E-post: [servicetorget@fagforbundet.no](mailto:servicetorget@fagforbundet.no)

## Notis

**Brukere nettet til å styrke band**

Kvinner er på veg til å ta att menn når det gjeld nettbruk, sjølv om det er eit lite stykke att. 81 prosent av norske kvinner loggar seg på dagleg, fortel ABC Startsida. 89 prosent av mennene brukar nettet dagleg. Tala skriv seg frå ei undersøking Eniro har gjort på vegner av Forbruker.no.

Den største skilnaden mellom kvinner og menn når det gjeld internett går likevel på kva dei brukar nettet til. Medan menn betalar rekninga i nettbank, bloggar og handlar, er kvinnene meir opptekne av å halde kontakt med familie og venner. Informasjonssjef Gurli Høeg Ulverud i Eniro er ikkje så overraska over det. - Det er kvinnene som i alle år har skrive julebrev og tatt vare på familieband, seier ho til Forbruker.no. - At kvinner tar i bruk nettet på denne måten, er derfor kanskje ikkje så overraskande.

# Hardanger - merkenamn i særklasse

**Hardanger er allereie kjent for epleblomane, bunadsjentene, fjorden, fjella og breen. Regionen ynskjer å vidareutvikle denne ressursen og har utvikla sin eigen merkvarestrategi.**

EINAR SCHIBEAAG

Slagordet "Fruktbare Hardanger" skal fortelja om det potensialet regionen har.

- Eit godt om-dømme som me ynskjer å nyta på råde som kan vera med å byggja nye og vidareutvikla eksisterande bedrifter, seier Helge Møller i Reisemål Hardangerfjord.



## Hardanger

historisk verne-merke, for å vernna menneske og verdiar mot øydeleggjande makter, på linje med Olavsrosa og Valknuten. Stjerneforma viser også at regionen opnar seg mot verda utanfor. Målet er at profilen skal vera med å byggja opp eit kjent kvali-

**DEN NYE LOGOEN SER UT**  
som ei stjerne med utspring i kjente element fra Hardanger. Stikkord kan vera turbinhjulet, fruktblomen, eplekjernen, iskrystallen og særleg åttebladrosa, som finst i hardangersaum, bunadsbride-dukar, dapsdukar, åkle, på hardingfela med meir.

Dette symbolet er også eit kultur-

tetsmerke, som i alle samanhengar viser området sin kvalitet i tenester, varer, kultur og historie. I dette ligg det meirverdi for vare- og tenesteprodusentane i Hardanger.

- Og det er viktig å tenkje region framfor kommune når eit slik varemerke skal byggjast.

Hardanger sitt nye kjennemerke er i praksis eit heilt nytt varemerke til rådvelde både for små og store næringsinteresser og offentlege verksemder i heile regionen, fortel Møller.

- Den skal ikkje erstatta profilar og logoar til bedrifter, men forsterka interessa for eit produkt med tilknyting til namnet Hardanger.

Innbyggjarane i Hardanger var sjølve med og plukka ut den profilen som skal vera med å byggje opp under varemerket "Fruktbare Hardanger".

Kaktus. Foto: ©Bert Roald

TENESTEPENSJON  
ER HJARTET I KLP

Ingen kjenner oppbygginga av offentlege tenestepensionar betre. Heilt frå starten har vi jobba for det som i dag er eit godt og moderne pensjonstilbod. Derfor veit vi mykje om korleis vi best skal ta oss av kundane, medlemmene og pensjonistane våre. KLP er den mest spesialiserte aktøren innanfor offentleg tenestepensjon - KLP blei til for å administrere denne eine tenesta. At vi etter kvart har utvida med andre forsikringsprodukt, har vore ei naturleg utvikling. Arbeidet med å foredle tenester til beste for medlemmene og kundane våre er framleis hjartesaka vår.

[www.klp.no](http://www.klp.no)

**KLP FORSIKRING**  
For dagane som kjem

# Å bruka det unike



**Det er snaue to månadar sidan ordføraren på Voss, Bjørn Christensen (Ap) tok i mot Lars Bystøl etter at eit OL-gull blei frakta heim til skibygda. Og det var ikkje første gong.**

EINAR SCHIBEAAG

Voss har fostra mange som har fått ein plass i norske folk sine hjarta! Linda Eide, Sigbjørn Bernhard Osa, Ingvild Bryn, Arne Hjeltnes, Eirik Kvalfoss for å nemna nokre. Bygda har og utvikla eit sterkt miljø for festivalar og ekstremsport gjennom Vossa Jazz, Ekstremsportveko, Osa-festivalen, Voss Rafting, Voss i Vinter osv.

Men har kommunen ein medveten strategi for korleis dei ynskjer å nytta desse ressursane i arbeidet med å gjera bygda og regionen attraktiv for næringsetablering, plass og bu eller som reisemål?

- Mest ikkje, seier redaktøren i avisa Hordaland, Sigmund Midttun.

- I alt for liten grad, meiner Christensen.

- Heilt sidan Kvalfoss vann sitt første OL gull har me ikkje vore gode nok. Me har konstatert at me har vunne lokalt og det har skapt samhald lokalt men utover det har engasjementet vore lite, seier bladmannen.

## EKSTREME

Vossaordføraren meiner at kommunen gjennom sitt planverk brukar suksessane naturen har gjeve idrettsutøvarane fra Voss og festivallivet når måletjinga til Voss blir festa til papiret.

- Målet er å bli den leiande regionen i ekstreme natur- og kulturopplevingar i Nord Europa. Det skal me gjera gjennom å bli god på og marknadsföra desse tilboda. Voss har ein unik natur for ek-

streme naturopplevingar, og me ser at folk reiser langt for slike opplevingar.

## KNUTEPUNKT SKRØYT

Dette, kombinert med miljøet som er bygd opp over tid for festivalar i bygda, gjer no at kommunen i lag med fylkeskommune og kulturdepartementet er med og etablerar eit festivalknutepunkt på Voss.

Redaktøren gir ordføraren ros for kommunens haldning ved dette høvet. Det har teke tid, men no skjer det noko.

- Men viss det skal ha noko for seg, må det vera vilje til å satse, og det med meir enn ord. Kroner må til, og det ser det no ut som kommunen tar sikt på.

Voss har eit næringsfond og det er ikkje lite av dette fondet som no vil gå til denne satsinga, fortel Bjørn Christensen.

Satsinga er kostnadsrekna til 3 400 000 kroner per år og av desse skal Voss kommune åleine bidra med 400 000.

Målet er å få meir ut av dei lokale festivalane for næringslivet og reiselivet med sikt på å etablira varige verdiar. Ein viktig strategi som og kan vera med bøta på den manglande grundarhaldning i bygda, meiner bladstyraren.

Mykje av det som er starta opp i kommunen dei siste ti til tjue åra er etablert av folk som har flytt til bygda. Entreprenøranda er alt for låg lokalt og det skyldas etter redaktøren sitt syn at trøngan for å etablira noko ikkje har vore der.

- Anten har ein hatt arbeid i det offentlege eller så har ein vore knytt til primærnæringane.

## Å REDDA FRAMFOR Å SKAPA

- Me har sloss for å halda på arbeidplassar

- Målet er å bli den leiande regionen i ekstreme natur og kulturopplevingar i Nord Europa. Det skal me gjera gjennom å marknadsföra desse tilboda på ein god måte, seier Bjørn Christensen.

Satsinga er kostnadsrekna til 3 400 000 kroner per år og av desse skal Voss kommune åleine bidra med 400 000.

Målet er å få meir ut av dei lokale festivalane for næringslivet og reiselivet med sikt på å etablira varige verdiar. Ein viktig strategi som og kan vera med bøta på den manglande grundarhaldning i bygda, meiner bladstyraren.

i offentleg sektor og har diverre i liten grad vunne fram, men me har likevel kompensert for mange av dei arbeidsplassane som har forsvunne.

Så er ikkje bankvesenet på Voss av det mest risikovillige heller.

- Bankane snakkar framleis om det tapet dei hadde den gongen, og vaktar seg vel å gå på ei ny blemme, seier Midttun.

Det gjer det ikkje lettare når entreprenørskap skal byggjast.

Christensen er raskt frampå og trekkjer fram effekten av fristilmiljøet i bygda. Hans Engelsen Eide og Kari Traa har kome heim til Vossa-bygda etter suksessen i idretten ute. Dei har alt etablert ei rekke arbeidsplassar i kjølvatnet av suksessen sin.

- Det gler oss, og me vonar det skal gi inspirasjon for fleire.

## 100 ÅR GAMALT TOGTILBOD

Voss ligg nært opp til Bergen med eigen jernbane mellom dei to byane. Likevel er det alt for få som pendlar fra Voss til Bergen og ordføraren brenn for å korte reisetid fra om lag ein time til 45 minutt. Dei kvalitetane ein mindre bygdeby med eit pulserande kulturliv kan by på, trur dei begge kan føre til ein positiv vekst for Voss.

- I dag køyrrer jernbanen på mest hundre år gamle skinnegangar og desse må det gjerast noko med. Eit nytt dobbelspor mellom Bergen og Arna må på plass, og det før ein ny vegtrase kjem på same strekninga, seier ordføraren.

## PLUSS MINUS NULL

Men aktiviteten på Voss er stor. Nye veganlegg som skal få trafikken bort frå sentrum er under planlegging og talet på husvære som blir realisert i regionen er også stort. Men til no har det ikkje ført til vekst i folketallet. Ein situasjon mange innlandsbygder i Noreg kjänner seg att i, sukkar ordføraren.

Men journalisten vil tilbake til kva kommunen tenkjer for å få fleire til å koma til ein kommune som har eit så bra omdømme som det Voss har på grunn av sine mange suksessar.

## NITRIST

Det er mest 670 årsverk i Voss kommune og på linje med svært mange andre kommunar er det ingen informasjon eller marknadsstab som er i arbeid.

- Informasjonstrategien til Voss kommune er eit nitrist kapittel og heilt utruleg dårlig, seier redaktøren i lokalvisa.

Hadde kommunane hatt ein strategi ville mange av mediekonfliktane kommunenoreg er gjennom, Voss inkludert, vore hindra. Då kunne ein fått fram langt meir av alt det positive som skjer men som ingen får vita om. meiner redaktøren.

- Du tar sterkt i no, Midttun, seier ordføraren, men som på same tid medgir at det er langt i frå at stoda er tilfredstilande.

Ordføraren greier ikkje å halda seg og stikk tilbake til redaktøren

- Lokalavisa blir av mange oppfatta som ufin og slomsete i sin omtale av det som skjer i kommunen.

- Det var ikkje uventa, men kvifor er det i tilfelle slik, spør Midttun

Han trur kommunane generelt treng ein grundig debatt om kva dei vil med sitt informasjonsarbeid. Dei sier dei driv eit aktivt informasjonsarbeid, men i praksis er det ei oppgåve ein har fått på toppen av ei rekke andre oppgåver.

- Informasjonstrategien til Voss kommune er eit nitrist kapittel og heilt utruleg dårlig, seier Sigmund Midttun.

## MEDIEFOLK FRÅ VOSS

Tenk berre kor mange det er frå Voss som er knytt til mediemiljøet i Noreg.

- Kva har me gjort for løfta desse inn debatten om informasjonsarbeidet til regionen der alle sitt mål er utvikla bygda me er så stolte av, spør Midttun

## KOMMUNEØKONOMI

Ordføraren er pressa, men fortel korleis kvardagen er.

- Kor skal me finna midlane? Ein sterke strategi for informasjonsarbeidet burde me ta oss råd til. Likevel er det ikkje lett i ei tid der å kutta i kommunal infrastruktur er spørsmålet.

- Men det ligg store utfordringar framføre oss i å bli betre i å informera og marknadsföra tilboda våre for dei som bur og dei som vil kome hit som tilreisande eller som framtidige innbyggjarar.

Ordførar Bjørn Christensen og redaktør i Hordaland, Sigmund Midttun meiner Vossasamfunnet burde bli langt flinkare til å bruuka dei personane som har sett kommunen på kartet i positiv forstand.



## KURS- OG KONFERANSEHOTELLET!

Sentralt plassert blant alle Nynorsk-kommunar i Sør-Noreg!

**Nytt SPA åpnar april 2006!**

8 suiter - alle med unik innreding! 101 hotellrom! 15 familierom. 2 rom med dør mellom.

**Heile 4 kurs- og møterom med kapasitet frå 2 til 200 personar!**

*LNK-landstinget  
gav terningkast 6 på  
mattilbodet vårt!*

[www.rauland.no](http://www.rauland.no)

Telefon: 35 06 31 00 - Telefaks: 35 07 35 77  
E-post: [reservations.rauland@rezidorparkinn.com](mailto:reservations.rauland@rezidorparkinn.com)

**park inn**  
REZIDOR   
**Rauland Høgfjellshotell**

**Språkråd**

Jan Olav Frelund - førsteamanuensis i norsk  
- leiar i Norsk språkråd.

**Stivbeint språk**

Nynorsken vart skapt for at nordmennene skulle få sitt eige språk, bygt på målføra. Dette språket skulle òg ha ein stil som var ledig og verbal, ikkje apa for mykje etter den stive dansknorsken som elles var å sjå i skrift. Somtid held me på å gløyma dette idealet. Eg likar ikkje å få brev frå skatlefuten (kven likar no brev derifrå, forresten) som tek til med: I det vi viser til Dykkar brev ... Det heiter ikkje det, oss nynorskingar imellom. Me berre viser til brevet, me, ferdig med det. Ikkje er me Dis, heller. Høleg tiltales finst omtrent ikkje i ei vanleg norsk bygd, og eg synest ikkje at offentlege etatar skal brukar De og Dykk og Dykkar på nynorsk. Ikkje til meg, iallfall. Endå dårlegare blir humøret mitt om brevet sluttar med Vi imøteser Dykkar snarlege reaksjon på denne henvendinga. Fy og fy, lat bokmålet få styra med slikt stivsnipp-prat. Ein ser det same i stillingslysning: Ytterlegare informasjon om ovannemnde stillingar får ein ved ... osv. Kva med Du får vita meir om stillingane hjå ....?

Kanskje har me fått i oss at språket skal vera litt oppstylda i somme høve? Eg kjøpte bil her om dagen, men var skeptisk då den hyggjelege nordfjordingen skreiv Vi imøteser Dykkar snarlege og positive svar. Eg heldt på å ringja og spørja om han var sint på meg. Elektrikaren heime gav tilbod på noko arbeid på hytta: Vi håpar vi har tjent dykk med dette. Au, det gjer nesten vondt!

Tendensen er der i små og store hendingar i privatlivet og: Eg takkar for gåva til min konfirmasjon, eller De innbedast herved til vårt bryllaup og Svar utbedast innan 12.4. Skriv heller Me ber dykk med dette i bryllaupet vårt – De må svara seinast 12.4.

Det har noko med nærheit å gjera, dette. Lat meg syna det med to måtar å seia det same på når me skal takka etter ei gravferd. For meg verkar det mykje meir ekte og nært å skriva Me takkar for all medkjensle og hjelpe då vår kjære Ola gjekk bort enn Me takkar for all deltaking og hjelpe ved vår kjære Olas bortgang.

Tenk over dette, det er viktig for særpreget i språket vårt.

# Søre Sunnmøre krev nynorsk

**Kommunane på Søre Sunnmøre sette krav om nynorsk då dei skulle investera i nytt sak- og arkivsystem. Berre Ergo og Acos kunne stette dette kravet.**

EINAR SCHIBEAAG

Kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta gjekk saman og førebudde innkjøp av nytt saks- og arkivsystem.

**TILBODSKRAV**

I tilbodsgrunnlaget blei det sett krav om at programvara skulle vera språkavhengig. Det vil seie at det skal vera råd å leggja inn nynorsk leie- og følgjetekst gjennom heile programsystemet. Det same kravet blei og sett til tekstmålane.

Av dei selskapa som blei invitert var det berre Ergo og Acos som kunne stette kravet. Ansvarleg for prosjektet, Eldar Rune Øye i Ørsta kommune, seier til LNK-avisa at det var sjølvsagt å stille språklege krav når investeringar av denne typen blir gjort.

**VIKTIG INFORMASJONSSYSTEM**

Per Hovden som er rådmann i Ørsta, seier denne saka viser kor viktig det er at kommunane nyttar den marknadsmakta kommunane har når dei skal gjera innkjøp. Programsistemet som er vald blir ein viktig del av det gjennomgåande informasjonsarbeidet til kommunane, og då er nynorsk sjølvsagt for tilsette og innbyggjarar i regionen vår.

- Språk er viktig. Med våre val styrkjer me og stoda for nynorsken.



Per Hovden, rådmann i Ørsta, er nøgd med at Ergo kunne stetta krava til nynorsk då kommunane på Søre Sunnmøre skulle velje nytt sak- og arkivsystem nyleg.

## Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølvsagt LNK-pris. Fra 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo  
Tlf: 23 21 41 00  
[booking@bondeheimen.com](mailto:booking@bondeheimen.com)  
[www.bondeheimen.com](http://www.bondeheimen.com)

## Notis

### Universitetsby

Ordføraren i Sula meiner regionen hans treng eit universitet som blir lokalisert i Ålesund. Han viser til at fleire forskingsrapportar syner at regionen er i ferd med å tape omdømme som eit nyskapande og dynamisk næringssamfunn. Ein viktig grunn til dette er at det har vore stagnasjon i uvikinga av høgare utdanning i Ålesundsregionen.

For å få tilbake eit innovativt og sterkt næringssentrums må regionen stå saman og arbeide for å utvikle nye og utvide eksisterande læremiljø. Etableringa av eit universitet vil vera eit viktig bidrag for å vidareutvikla næringsslivet og regionen kring Ålesund, meiner Ronny Blomvik i Sula kommune.

DANMARKSBÅTEN



# Hei Vestlandet: Reis med oss til Danmark!



Er du tidlig ute, sikrer du deg våre billigste bilpakker og den raskeste sjøveien fra Vestlandet til Danmark.

## BUDSJETT-BILPAKKER

FRA EGERSUND  
FRA KUN

# 790,-

Vi garanterer deg at prisen ikke blir senket etter at du har booket din reise.

**BILPAKKER FRA BERGEN**  
15.05 - 06.09

for inntil 5 pers + personbil t/r fra kr

# 3.400,-

Du er garantert at prisen ikke blir lavere etter at du har booket din reise.



Forbehold om trykkfeil/feilendinger. Fl. Branding

Nå kan du selv finne de billigste avgangene på vår nye lavpriskalender på [www.FjordLine.com](http://www.FjordLine.com).

HUSK! Alle Fjord Line bilpakker fra Bergen og Haugesund inkluderer lugar med dusj/wc (også nattseilinger fra Egersund).

© Fjord Line

**FJORDLINE**

Booking 815 33 500, [www.FjordLine.com](http://www.FjordLine.com) E-post: [Booking@FjordLine.com](mailto:Booking@FjordLine.com)



© Fjord Line. Tyske bok. Amman er et samarbeid mellom bokavisen og Lærdalsøyri

## Også lokalavisa din er nær og kjær

Eit mjukt kinn og ein Evarm klem. Som foreldre og besteforeldre er barn noko av det nærmeste og kjøraste vi har. På same måte ynskjer lokalavisa å vera nær og kjær for lesarane sine. I lokalavisa finn du derfor artiklar, bilde og annonsar frå nærmiljøet ditt. Vi nyttar ikkje plassen vår på privatlivet til TV-kjendisane. Derimot finn du mykje om det lokale kulturlivet, organisasjonslivet, idrettslivet og næringslivet. Vi skriv om dei små og nære hendingane, men også om dei tunge politiske sakene. Slik arbeider vi jamt og trutt for å bidra til noko positiv og konstruktivt i lokalmiljøet vårt. «Leserundersøkelsen for Lokalavisar» viser at vi så

langt har lukkast med jobben vår. Lokalavisene har svært høg tillit blant lesarane. 9 av 10 les lokalavisa heime – i ro og fred. Dette er positivt også for dei av dykk som annonserer i lokalavisa. Dess meir truverdig mediekanalen er, dess meir valuta får du for annonsekrone dine.

Vi er stolte av jobben lokalavisene gjer for nærmiljøet sitt. Vi nyttar høvet til å takka for følgjet – så langt. Snart byr vi på ein ny porsjon stoff frå kvardagen din. PS! Dersom du ikkje alt abонnerer på avis vår, bør du ringja oss i dag. Ta også kontakt dersom du vil annonsera i eit truverdig mediekanal: lokalavisa.

DI LOKALAVIS!

# Sunnhordland

Tlf. 53 45 00 00

[www.sunnhordland.com](http://www.sunnhordland.com)



Lokalavissamkjøringa viser deg vegen til stadig fleire attraktive jobbsøkjarar i store deler av landet. Gjennom annonsesamkjøringa vår når du ut med stillingsannonsa di gjennom 73 truverdige lokalavisar i Nord-Norge, Midt-Norge, Vestlandet, Sørlandet og Austlandet. Lokalavisene blir grundig lesne i fred og ro. Stillingsannonssar hos oss får dermed stor merksemd.

Også i år har avisbransjen lagt fram oppdragstal som fortel om lokalavisene sin suksess. Lokalavisene våre får stadig fleire abonnentar – som altså betaler for å få avisar inn i huset sitt. Det gjev deg som annonsør meir valuta for pengane. Gjennom Lokalavissamkjøringa gjer vi dessutan livet enklare for kommunane: Du treng berre éin kontaktperson og du leverer kun éitt materiell. Deretter kjem annonsa di på trykk i 73 truverdige lokalavisar landet rundt.

**NYTT:** Medlemer i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) får gode vilkår på stillingsannonssar gjennom Lokalavissamkjøringa! Dersom du legg ut annonsa di under ledige stillingar på [www.lnk-nytt.no](http://www.lnk-nytt.no) får du automatisk 25 % rabatt i Lokalavissamkjøringa dersom du også ønskjer annonsa di på trykk i dei 73 lokalavisene våre.

Snart forsvinn snøen over heile landet! Planlegg no korleis du kan bruka Lokalavissamkjøringa neste gong du eller andre i kommunen ønskjer fleire attraktive jobbsøkjarar til ledige stillingar. Les meir om oss på [www.lokalavissamkjoringa.no](http://www.lokalavissamkjoringa.no). Du kan også ringja oss på telefon 22 86 12 86 eller senda ein e-post til [post@lokalavissamkjoringa.no](mailto:post@lokalavissamkjoringa.no).



[www.lokalavissamkjoringa.no](http://www.lokalavissamkjoringa.no)


## Lesarbrev

# Bråstopp for fornybar energi

**I mange år, og med brei støtte i Stortinget, har skiftande regjeringar jobba for innføring av ein felles svensk-norsk grønt sertifikatmarknad. Når den norske regjeringa nå ikkje klarte å komme til semje med Sverige om ein slik felles el-sertifikatmarknad, er det stor grunn til å tru at heile sat-**


**singa på ny fornybar energi vil få ein bråstopp, og i verste fall blir heilt skrinlagt.**

Olje- og energiministaren påstand om at ei ordning med el-sertifikat ville bli for dyr for norske forbrukarar, må karakteriserast som reint tøy, og ørleg talt trudde eg ikkje det var muleg for regjeringa å seie nei til et samarbeid med Sverige, og dermed skusle vekk eit unik høve som låg ferdig for auka satsing på vindkraft- og småkraftverk.



Nynorsk mediesenter i Førde er eit kurs- og opplæringscenter for nynorsk i etermedia, drive av NRK. Føremålet er å auke bruken av dialekt og nynorsk i media. Vi skal rekruttere og lære opp ti nynorskpraktikantar i året, og drive kursverksemd om nynorsk og media.

No lyser vi etter det femte kullet med nynorskpraktikantar.



### Nynorskpraktikant i NRK ?

Nynorsk mediesenter tek frå 1. september 2006 inn fem nynorskpraktikantar for opplæring i seks månader. Dei får lære journalistikk for radio, fjernsyn og Internett og nynorsk eterSpråk.

Opplæringa skjer i hovudsak gjennom praktisk arbeid i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei to siste månadane skal praktikantane ha praksis i andre redaksjonar.

Dei som vert tilsette, må ville bli journalistar. Vi leitar først og fremst etter samfunnsengasjert ungdom med ei "brennande sjel" og ei god røyst. Det krevst gode allmennkunnskapar og godt språk, både skriftleg og munnleg. Interesse for radio- og fjernsynsarbeid må til, og gjerne litt røysne i journalistikk, men det er ikkje eit krav. Det er ein føresetnad å ha fullført vidaregåande skule.

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant må du sende oss ein skikkeleg søknad med attestar og vitnemål, og vi tilset etter intervju og studiotest. Praktikantane får løn i opplæringsstida. Det er inga bindingstid til NRK etterpå, men heller ikkje garanti om arbeid.

Lurer du på noko kan du ringe leiaren:


Magni Øvrebotten på mobiltelefon 970 55 201

Eller kontakte oss på: [nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant i Nynorsk mediesenter frå 1. september 2006 må du sende oss ein søknad innan **23. april**.

Merk søknaden : **"Nynorsk 01/06"**

### Nynorsk



Nynorsk mediesenter

Postboks 100

6801 Førde

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)

[www.gasta.no](http://www.gasta.no)

Dette er rett og slett skuffande og uakseptabelt, og ber preg av total beslutningsvegring i ei tid med ein svært anstrengt kraftmarknad.

El-sertifikatordninga ville vere ein utmerkt reiskap for å skape balanse i ein anstrengt kraftmarknad, slik fleire ulike regjeringar og også Stortinget har jobba for. Dette har vist seg som ei svært velfungerande ordning i andre land, noko som også blir bekrefta av at den svenske regjeringa nå likevel satsar på ei framtidsretta ordning med sitt framlagte lovforlag.

Enoksen grunngir regjeringa sitt vedtak med at sertifikatordninga blir for kostbar for norske forbrukarar. Det er imidlertid dokumentert frå kompetent hand at ei slik ordning vil gi ei norsk gjennomsnittshusstand ubetydeleg auke i straumkostnadene frå 2007. Denne auken vil uansett vere langt mindre enn ein framleis ubalanse i marknaden vil føre til av prishopp!

Dessutan ville ein velfungerande el-sertifikatmarknad gi rask oppstart av mange planlagde vindkraft- og småkraftverk. Den beskjedne prisauken med el-sertifikat ville raskt bli oppspist av verknaden av meir kraft i marknaden frå vindkraft og andre fornybare energikjelder. Dette er den einaste måten å skape kraftbalanse på, på kort sikt.

Eg er derfor svært skuffa over den beslutningsvegringa olje- og energiministeren viser i ei tid med et svært anstrengt kraftmarknad. Her blir det dessverre skapt forvirring og frustrasjonar rundt satsinga på fornybar energi i staden for det vi venta på,

nenlig stabile rammevilkår. Dette stikk i strid med Soria Moria-erklæringa, der satsing på fornybar energi blir flagga høgt, og der ein skulle gå «frå ord til handling».

I staden får vi nå berre ord – og inga handling!! For – her blir det skusla vekk eit unik høve som faktisk låg ferdig for økt satsing på vindkraft- og små vasskraftverk. Resultatet er at vi vil tape tid og garantert få ytterlegare utsetjing av ei fornybar energisatsing.

Alternativet er å halde fram ordninga med investeringstilskot frå Enova. Erfaringane med Enova – og tilskot gjennom energifondet – er at det må svært store midlar til, sannsynlegvis årlege milliardbeløp – for å få tilstrekkeleg effekt til store prosjekt som nå ligg klare, kan realisera.

Min påstand er at dette er ein svært «usikker hest» å satse på, då erfaringane frå dei seinare åra er at alle investeringar/planar i vindkraft og små vasskraftverk har si grunngjeving i forventning om innføring av ei el-sertifikatordning. I tillegg til auka ubalanse i kraftmarknaden, betyr denne heilmvendinga frå regjeringa si side eit skikkelig skot for baugen for både vindkraftkommunar og småkraftverkutbyggjarar i distrikta.

LNVK fryktar at Noreg – som storeksportør av fossil energi, og som av den grunn burde vere i front i forhold til satsing på ny alternativ energi – nå held fram med å vere ei SINKE!

Iver Nordseth  
ordførar i Smøla kommune og leiar i LNVK

# OOPS, JEG TRYKKET VISST "SVAR ALLE"-EPOKEN ER OVER.



## Microsoft® Office har utviklet seg. Har du?

Arbeidsmetodene våre har forandret seg. I dag finnes informasjon overalt. Med siste versjon av Microsoft Office kan du bestemme hvem som skal ha tilgang til informasjonen. Du kan enkelt sette begrensninger for hvem som kan skrive ut, kopiere eller videresende sensitive dokumenter og e-post. Det er på tide at du også utvikler dine arbeidsmetoder. Finn ut hvordan på [www.microsoft.no/office/evolve](http://www.microsoft.no/office/evolve)

Vi bruker fremdeles Office 2000.

Ikke rart vi føler oss utdatert.

**Microsoft®**

Dine muligheter. Vår inspirasjon.™



Microsoft®  
**Office**

Sula



Sulaordføraren vil avlaste lokalsamfunnet for trafikken på RV 61 og E 39 som møtest i Sula. Ein ny vegtrase mot Ålesund under Borgunfjorden vil truleg koste om lag 275 millionar kroner.



# Bompengar til å leve med

**Det meiner ordføraren i Sula. Framstegspartiet strittar til vanleg imot bompengar, men ikkje på Sula. – Du kan reise raskt, og då må du betale. Vel du den gamle og lengre vegen slepp du gratis, seier Ronny Blomvik ordførar for Framstegspartiet i Sula.**

EINAR SCHIBEAAG

Kyststamvegen E 39 og Ytre Kyststamveg RV 61 møter kvarandre i eit kryss på Sula. Dei to største ferjesambanda i fylket knyter saman desse vegane fra Sula og sørover. Meir enn 10 000 bilar rullar gjennom dette samferdsleknutepunktet på øya kvart døgn.

- Ei stor belasting for lokalsamfunnet, ikkje minst når me veit kor stor del av desse som er tyngre kjøretøy. Og gjennomgangsvegen har ei lik belasting heile året.

Noko må gjerast då trafikken slett ik-

kje vil bli mindre med åra. No ynskjer kommunen eit nytt vefsamband til Ålesund som vil skåna lokalsamfunna på ein langt betre måte enn i dag. Gjennomgangstrafikken må bort. Løysinga kan vere å etablera ein ny tunneltrase i retning kommunesenteret og under Borgunfjorden til Ålesund.

Framstegsordføraren i Sula meiner dette er vegen å gå. Eit godt økonomisk prosjekt, men bompengar må til.

- Det vil betre livskvalitet for oss som bur her og ryddar bort ei rekke trafikkfarlege veggpunkt i kommunen.

Og forholda for dei reisande vil og bli langt betre.

Så får me bere over med at me må betale kvar gong me skal nytte denne vegen til Ålesund. Normalt er Framstegspartiet lite glad for bompengar, men her blir bilisten stilt overfor eit val. Betale seg fram ved å nytte den nye vegen, eller køyre gratis der vegen i dag går via Moa til Ålesund. Ei spart reisetid på mellom 20 og 30 minutt.



## Fakta

Sula er den yngste kommunen i Møre og Romsdal, etablert 1. januar 1977. Kommunen er og ein av dei minste i fylket, men samtidig ein av dei dei mest folketette med 129 innbyggjarar per kvadratkilometer. Sula er kjent som heimkommunen til mellom anna Ytre Suløen, Brazz Bros og Annbjørg Lien.

Øya Sula ligg sør for Ålesund, og det tek ca. 35 min med bil mellom Langevåg og Ålesund by. Vegsundbrua knyter øya til fastlandet. To av dei viktigaste ferjesambanda i fylket fører ei ytre og indre trafikkåre sørover på vestlandet.

Berggrunnen i Sula er dominert av gneis, men det finst kalkårer. Mellom anna finn du eit nedlagt kalkbrot på Fiskarstranda. Naturen er variert og spenner frå fjøre, svaberg og skog til snaufjell. Vardane ligg på 776 m.o.h., og her har ein utsikt frå Stadt i sør til Hustadvika

i nord. Oppe på fjellet finst eit stort platå med store myrområder.

Folketal ..... 7500  
Areal ..... 58 km<sup>2</sup>  
[www.sula.kommune.no](http://www.sula.kommune.no)

Kommunestyret har 28 representantar og dei fordeler seg slik

Ap	4
Framstegspartiet	10
Høgre	4
KrF	4
Senterpartiet	1
Sulalista	4
Venstre	1

Ordførar: Ronny Harald Blomvik, Frp  
Vara ordførar: Oddbjørn Øien, Høgre  
Rådmann er Edvard Devold

Sula



# Villsauer i Sula

**Villsauen i Sula er tilbake.**  
**Asbjørn Molvær er viss på**  
**at den har vore her tidle-**  
**gare. Han meiner den same**  
**sauen beita landskapet her**  
**for meir enn 1000 år sidan,**  
**og no er den altså tilbake og**  
**pleier det kulturlandskapet**  
**den er skapt for.**

EINAR SCHIBBEVAAG

Molvær har farta verda rundt som mekanikar for Caterpillar, men det er eigentleg sauehaldet som har vore hans store interesse. Målet hans er å byte ut verktøykassa med eit liv som bonde og turistvert.

Heime står om lag 15 vinterfora Ryggsauar. Eit klenodie i seg sjølv etter at scrapien herja for ein del år sidan. Han nyttar dei til å trena hundane sine til å bli gode til å halda styr på saueflokken. Det har gjeve resultat, og Molvær kan visa til fleire utmerkingar som sauegjetar.

Interessa for sau har og ført til interessa for å satse på villsauen. I dag har



han 300 dyr, men målet er 500 vaksne villsauer som kan pleia kulturlandskapet. Eit landskap som har grodd igjen etter at mange sluttar med sau. Arealet som ligg vest for Langevåg og strekkjer seg ut mot Sandvika og Eldtranen er stort. Kommunen eig mykje av dette arealet, men det er og nokre lokale grunneigarar som er glade for at landskapet no blir halde i hevd.

#### FOREDLA

Dei er alt i gang med vidareforedling og målet er at alt skal vidareforelast. I dag er plass for nedskjering og tørke godkjent, mens Gilde gjennomfører sjølve slakteprosessen. Og etterspurnaden etter produkta er der.

- Det me har produsert til no fyk ut. Langt på veg handlar det ikkje om pris når kunden etterspør vara. Det er produktet som tel.

Molvær meiner dette grunnar seg i at folk er på jakt etter det spesielle. Og produktet er unikt på mange vis. Bruksområda er mange, fortel han med entusiasme. No vintersdag får sauene litt fôr, men til vanleg greier dei seg med det dei finn anten det er på land eller i fjøra.

Det er kort veg til Ålesund frå Sula. Snautt ti minutt med båt. I Ålesund er det stor aktivitet på reiselivssida med

mange konferansehotell. Han planlegg derfor å reise eit langhus der dei kan servera eigeproduserte produkt av sau i eit spennande miljø.

- Gjestene får smake, høre historia til sauene, sjå kor den beitar og kva den betyr for det landskapet den held til i.

Asbjørn Molvær ser mange år som villsaubonde i møte.



# Å vera randsoner

**Tusen nye Sulamittar dei siste tjue åra. Det er ei utfordring for det kommunale tenestetilbodet i Sula kommune, slår ordførar Ronny Blomvik fast.**

EINAR SCHIBBEVAAG

Det er ikkje langt til byen frå Sula. Vel ein halvtime frå kommunesentret Langevåg med bil eller seks minutt med snøggbåt, og du står midt i Ålesund.

Sula kommune er ein relativt ung kommune. Utfordringane dei første åra som eigen kommune var å bygge opp infrastruktur som vatn, avlaup og veg. Dette hemma i stor grad veksten i folketalet, fordi infrastrukturen ikkje var på plass til å ta i mot veksten.

Folketalet har dei siste tjue åra vokse med om lag 1000, kommunen tel i dag kring 7500 innbyggjarar. Sula hadde ein periode med svak til moderat vekst, jamvel år med tilbakegang. Dei siste åra har folketilveksten vore om lag 100 personar i snitt per år. Veksten har fordelt seg rundt i dei ulike skulekrinsane og ikkje ført til ekstra press på utbygging av nye barnehagar og skular.

#### PRIVAT UTBYGGING

Kommunen prøver å balansera tilflytinga. Dei vil ikkje ha for stor tilvekst då det pressar på det kommunale tilbodet, og dei vil heller ikkje ha for liten tilvekst då det vil presse bustadprisane i taket. - Å få til ein balanse der me utnyttar eksisterande infrastruktur best mogleg er viktig for oss, seier rådmann Edvard Devold.

Kommunen er i ferd med å nå taket for kva det kommunale tilbodet kan tåle, og det blir ei stor utfordring å finansiera den veksten som kan bli røyndomen for kommunen i åra som kjem.

I all hovudsak er det private som står for utbygging av nye bustadområde i kommunen. Ein gjennomfører for tida ei fortetting i sentrum for å gjera kommunesenteret sterke og betre tilgjengeleg.

#### MOA

Avstanden til Ålesund er ei utfordring for deler av handelsstanden på grunn av handelslekkasje til område som ligg på kommunegrensa mot Ålesund. Fleire har gitt opp kampen med butikkonsentrasjonen på Moa, mens andre igjen har teke opp kampen og har utsal begge stader.

#### SPRÅKLEG STYRKJE

Nynorsken står sterkt i kommunen. Det er ein ungdomsskule og seks greneskular. For vel ti år sidan var det ein bokmålsklasse i kommunen, men no er det ikkje noko ordskifte om å få bokmål inn i skulen. Nynorsken er ein del av kommunen sin profil.

#### SULAMITT

Dei som kjem til Sula tar del i den sterke kjensla det er for lokalsamfunnet i kommunen. Spørsmålet om å slå kommunen



Sjukehuset som var i kommunesenteret tener i dag som rådhus for Sula. Eit svært tenleg bygg for kommunen, meiner ordførar Ronny Blomvik (t.h) og rådmann Edvard Devold.

saman med Ålesund er uaktuelt. Den øvinga er gjort tidlegare då Sula var ein del av Ålesund fram til 1977. Det blei eit folkeopprør som førte til lausriving frå Ålesund.

Ordføraren trur det sterke samhaldet og dugnadsanda overfor kulturarbeidet i kommunen er viktig for dei sterke kjenslene det er for lokalsamfunnet.

- Det er få kommunar i vår storleik som kan vise til sju spelemannsprisar, seier Blomvik.

Kommunalt kulturtildet er det lite av utanom kulturskulen. Den viktigaste oppgåva er å tryggje det friviljuge kulturarbeidet framfor å bygge opp ein stor kommunal kulturadministrasjon.

- Og me meiner strategien vår har lukkast. Når nye kjem til kommunen er det ikkje lenge før dei kallar seg "Sulamittar" sjølv. Ja, ofte føler me dei er endå sterke i trua enn dei som er fødde her.

#### PRIVATE KULTURHUS

Det er ikkje noko kommunalt kulturhus i kommunen, men det friviljuge lagsarbeidet står sterkt og har sine eigne hus der aktiviteten er på topp. Spesielt på musikksida, og mange talent har starta sin karriere her. Det er nok å nemne Ytre Suløen Jazzensemble, Brazz Brothers og Robert Post. Likevel ser dei at kommunen no står overfor ei oppgåve å gje eit tilbod til den uorganiserte kulturen slik at dei kan koma vidare utover det tilbodet t.d. kulturskulen kan by dei.

#### ENTREPRENØRSKAP

Sula kommune var eit industrimekka med om lag 800 arbeidsplassar knytt til Devold fabrikkar. Eit selskap som og bygde eige fullverdig sjukehus til lokalsamfunnet og som etterkvar vart kjent for sin spisskompetanse. I dag er sjukehuset borte og dei 800 arbeidsplassane er redusert til 25 knytt til den opphavlege industrien. Men det har

skjedd mykje nytt som kompenserer for bortfallet av arbeidsplassar.

#### STOR BU- OG ARBEIDSREGION

Randkommunane til Ålesund i lag med Ålesund har etter kvart utvikla eit felles bu- og arbeidsområde. Kommunikasjoner gjer at ein kan nå fleire kommunar når arbeid blir etterspurt. Atten hundre pendlar ut av kommunen i dag mens om lag 850 pendlar inn.

- Og det skjer mykje i næringslivet her. Det som me skulle fått på plass for å leggja forholda endå betre til rette er å utvikla eit eige utdanningsmiljø for industriutvikling.

Miljøa her har gjensidig nutte av kvarandre og er med å skape grunnlag for entreprenørskap.



*Rearlaget L. Rødne & Sønner as i Finnøy kommune har tre båtar som er bygd i Karbonfiber og som ein har motteke innovasjonspris for på JEC messa i 2005.*

svært viktig i desse landa, mens Noreg berre er i startgropa.

- Men i andre land i verda er vindkraft langt billigare å produsera enn gasskraft.

Han sukkar og ler litt. Nei, debatten kring vindkraft er ikkje i det heile prioritert på grunn av Noreg sin tilgang på andre energikjelder.

Røsvik meiner det offentlege ordskiftet om vindkraft i Noreg vitnar om mangel på perspektiv og faktisk kunnskap. Landet vårt står framleis i startgropa for å sjå kva vindressursen kan nyttast til. Det er først no i det siste at forskingsmiljøa for alvor har sett på energiforma som interessant.

- Vind er ei evigvarande energikjelde i motesetnad til gass. Eg meiner det må bli viktig å nyttja kompetansen fra offshoreindustrien når debatten om å nyttja vindkrafta vonleg for alvor tek til.

Energiproduksjon frå vind vil koma, men det er viktig å styra denne slik at dei negative sidene ved produksjonen blir redusert til eit minimum. Forsking kan og vera med å nyttja vindressursen betre og at det lar seg gjera å etablera parkar på stader som dei og viser mindre att, meiner Rosvik.

#### STORE DRIVSTOFFKUTT

Glasfiberen som blir produsert blir og nytt til produksjon av skrog for snøggbåtar. Det er alt fleire båtar i drift med materiale som er produsert i Sula. Ein båt produsert av glasfiber veg om lag halvparten så mykje som tradisjonell aluminium.

#### JO STØRRE BÅTEN ER JO STØRRE BLIR DRIVSTOFFKUTTET.

- Hadde Flaggruta mellom Bergen og Stavanger vore produsert i slikt materiale ville drivstoffforbruket blitt redusert med opp mot 35 prosent. Og det ingen liten reduksjon i CO<sub>2</sub> utsleppet, seier marknadssjefen.

#### DYRARE MATERIALE

Men det kostar meir, om lag 50 til 75 prosent meir enn tradisjonelle materiale til slike båtar. Men så har dei også andre eigenskapar utover det å få redusert drivstoffforbruk. Snøggbåtane kan gå i is og har ein betydeleg betre evne til å flyte sjølv om det blir slått hol i skroget.

# Strikkar båtar

**Verda er oppteken av vindkrafta sitt potensiale som energikjelde. Derfor har det vore ein suksess å nyttja idear frå produksjonen av ull til i dag å produsera glasfiber.**

**– Men det er ikkje den norske marknaden som tel, for her er vindkraft-diskusjonen dverre mest fråverande, seier Baard Røsvik i Devold AMR.**

EINAR SCHIBEAAG

Blaatrøia har vore eit av produkta frå Devold som har vore synleg langs kysten. No kan det bli glasfiber som blir nytt til blad på framtidige vindmøller som kan prege kulturlandskapet.

#### SER IKKJE POTENSIALE

Røsvik som er marknadssjef i Devold AMR er oppgitt over mangel på interessa for vindmølla sin plass i energibilete. Frå å vera ei hippinærer i Europa for 30 år sidan, sysselset denne industrien i dag omlag 50 000 tilsette i Danmark og Tyskland. Og forskingsarbeidet er

## Fakta

Devold Fabrikker i Langevåg har sidan 1853 strikka mellom anna "Blaatrøier" og Islendarar. I sine velmaktsdagar talde bedrifta omlag 800 tilsette.

#### Devold AMT AS

Datterselskap av børsnoterte Hexagon Composites stifta etter fisjon frå Devold & Sønner AS i 1992 har selskapet i dag om lag 65 tilsette. Og ideane frå produksjonen av ull som Devold har drive i 150 år er framleis i bruk men for eit nytt produkt.

Glas- og karbonfiberen som i dag blir produsert kan nå nye og store marknader utover det produksjonen i dag blir nytt til. Propellblad til vindmøller utgjer 85 prosent av produksjonen. No ser ein at fleire vurderer å ta bruk produktet til skrog til snøggbåtar.

Kontor og produksjon ligg i Langevåg



*Marknadssjef Baard Røsvik i Devold AMR fortel at det er fleire idear frå tidlegare produksjonar ved Devold fabrikker som blir nyttja når selskapet no produserer Glas- og karbonfiber.*

# -VI SKAL BLI BEST I NORGE BÅDE PÅ IT-VERKTØY OG SAMARBEID MELLOM KOMMUNENE

Arnfinn Gundersen i Suldal kommune.

Kommunene Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand har nå implementert fremtidens it-løsning for samarbeidende kommuner - **FRISK Kommune** - en bransjeløsning basert på programvare fra SAP.

SAP Norge og Allianse Solutions gratulerer!

# Har personleg trenar

**Slik opplever dei fem som utgjer det fjerde kullet med praksiselevar ved Nynorsk mediesenter. Til sommaren er dei klar for oppdrag**

EINAR SCHIBEAAG

Dyktig – frodig og framfus er verdiane mediesenteret vonar eit halvt års praksisperiode skal gi unge journalistspirer. Eit praktisk retta kursopplegg som gjer dei klar for å gå ut i journalistisk arbeid i ein radio eller tv-kanal.

#### ATTRAKTIV

Dei fem elevane opplever tida ved NRK Sogn og Fjordane som spennande og lærerik. Kvar sin personlege trenar frå redaksjonen sikrar dei god innsikt i radio og tv journalistikk. Til no har alle som har villa fått seg arbeid i ein radio eller tv stasjon.

#### OG LOVORDA TIL PRAKTIKANTANE ER GODE

- Skreddarsyd, seier Bjørn Grimen i NRK Rogaland. Dei kjenner rutinane og tenkemåten vår og kan derfor gå rett inn i redaksjonen.

Praktikantane som no går si lærerid, meiner tida ved NRK Sogn gir dei eit godt grunnlag for å utvikle eige tallent. Ein er med i ein liten redaksjon og får prøve dei fleste utfordringane som ein journalist i ein redaksjon får oppleve.



F.b. Bergit Sønstebo Svenseid, Asgeir Jens Reksnes, Ingrid Z. Aanestad, Erlend Blaaland Oldeide og Øystein Windstad skal ut på kvar sine avdelingar NRK i aktiv journalistisk arbeid frå mai til juli. Tida i Førde kan dei ikkje få fullrosa nok.

#### UT Å PROVE

Og dei gler seg no til å ta fatt på praksisperioden som dei no skal ta fatt på i ein redaksjon

Etter første juli er perioden over og dei reknar med å få seg løna arbeid i ein redaksjon.

Og det er nyhende og kultur som opptek dei. Erlend Blaaland Oldeide meiner at nynorskbrukande journalistar må på banen og la seg tablodisera i større

grad enn tilfelle er i dag.

- Tida her opnar for dette og draumen min er å få mitt eige talkshow i beste sendetid, noko som vil styrkja nynorsken sin plass i media og samfunnet elles.

Og den første gjesten ville sjølv sagt bli Magny Øvrebotn som står bak den suksessen Nynorsk Mediesenter er blitt i NRK systemet.



Ja, morgen skal eg byrja på den gode veg som sagt, trur eg, taka striden upp mot kjøtet og den heile develsmakt, trur eg.

Men i dag lyt det få vera, for eg er so spøkje tyrst at eg mest må ha eit ølkrus til å leske meg på fyrst.

Trur eg.

"Etter ein Rangeli" ab Jakob Sande som ville vore 100 år i 2006.

## ABC Startsida

Over 600.000  
unike brukarar  
kvar einaste dag!

Noregs einaste  
nynorske startsida

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)

## KOMMUNANE SIN SAMARBEIDSPARTNAR

- Me finansierer lokale løysingar

- skular
- barnehagar
- fritidstilbod
- omsorgsboligar
- sjukeheimar
- andre gode tiltak i din kommune



Kommunalbanken  
- Størst i kommunal sektor

[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)  
telefon 21 50 20 00